**Sunneva Linge** ons. 12. feb., 18:23 (for 5 døgn siden)

til Stakkestad, Mork, Aspehjell, Berdal, Døving, Heggen, Jemtegård, Hoel, Kleppe, meg, Muribø, Sandnes, Stakkestad, Valdal, Rødal, Rogne, Relling, Ytterli, Døving, Berli, Brenna, Sylju, Viken, Golten, Storås, Sandnes, Heggen, Småge, Hauge, Pritchard, Kugel, Hoel, Olsson, Alstadsæter, Andersen, Linge

STYREMØTE 11/2 -20
kl.!8 på biblioteket.

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Mette Marie, Brita og Sunneva.

Sak 18/20 Referat og orienteringar
*VBK kjøpt takke til Valldal skule, fått takk.
*Stranda bygdekvinnelag har møte 18.feb. - Vegen vidare.
Desse møter: Solveig, fylkesleiar, medlem frå sentralstyre og ev. andre interesserte frå Valldal. Laget på Stranda slit og treng litt støtte.
*Nytt frå NBK m.a.:
Nytt medlemsregister, kontigent for dei under 30 år - 340 kr, landsmøte 2020 i Bergen 5. - 7.juni,
Kultur og tradisjon er nytt studieforbund, organisasjonskurs for lokallagsstyra.

Sak 19/20 Retningslinjer i Aktivitetsgruppa, kontaktperson
Bjørg saman med person frå Aktivitetsgruppa har skrive ned eit forslag.
Etter diskusjon vart det endringar, og Bjørg skriv eit nytt og tek med dei vedtekne endringane.

Sak 20/ 20 Møte 11. mars. Ansvar og organisering
Det blir 2 møte med Karin Flatøy Svarstad. VBK står ansvarleg for eitt som blir halde på Frivilligsentralen i Stordal.
Det andre er Stiftinga av Paktarstova ansvarleg for. Billettpris inkludert kaffi og kaker blir kr. 200 begge stader.
Felles stor annonse i Storfjordnytt, kostnad delt av laga. Annonsering elles på fleire ulike måtar. Omtale i avisa 2 veker før annonsa.
Møtestart i Stordal 18.30. Mette lagar skuffekake, Nelly steikjer 3 porsjonar svele, Nelly ansvarleg for ev. kaffikjøp.

Sak 21/20 Fylkesårsmøte i Ålesund 28.- 29.mars
Solveig sit i valnemnd og blir til stades. Nelly reiser, Elin får reise om ho er ledig.

Sak 22/20 Frukost/graut til ungdomsskulen. Spørsmål frå Valldal skule
Solveig tek vidare kontakt med skulen og leiar i FAU.
VBK kan ta på seg 1 dag pr. veke i ein månad.

Sak 23/20 Forslag til Årets lag og «Kjerringa mot strømmen»
Forslag til Årets lag har frist til 20 feb.

Semje om at Solveig, Bjørg og Nelly sender inn eit skriv om VBK som Årets lag.

Sak 24/20 Organisasjonskurs, prioritert frå fylkeslaget til alle lokallagsstyra.
VBK spurd av fylket om å organisere eit kurs der andre lag blir inviterte.

Sak 25/20 Møteplan styremøte
11.feb, 10.mars, 14.april, 12. mai , 9.juni, 8.sept, 13.okt, 10.nov, 8.des.

Styremøta blir lagde til 2. tysdag i månaden dersom det er mogleg.
Det kan bli endringar.

Sak 26/20 Ymse
Aprilmøtet - forslag om å kontakte Muzz frå KAYA.
Verving - brukar gamlemåten, spør, inviterer folk.

Sunneva Linge skrivar